

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	14.4.10	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Per Dale, Anne Karin Buene, Olav Grønsberg, Bente Steine
(Osvald Turlid hadde forfall).

**Vara-
medlemar** Ingen.

Andre Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
15/10, 16/10, 17/10, 18/10, 19/10.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 14.4.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 15/10. Referat og meldingar

- 1) Møtebok frå fjellstyremøte den 9.3.10
- 2) Brev frå Statskog/regionalt oppsynsutval om tilskot til tiltak retta mot born og unge. Merknad: Fjellstyret søkjer om tilskot til gjennomføring av fiskedagar for grunnskulen.
- 3) Fjellstyrekontoret har sendt ut betalingspåminning til nokre som nytta seg av overnattingstilbodet på fjellstyrehyttene hausten 2009 utan å gjera opp for seg.
- 4) Referat frå årleg møte om HMT-arbeidet for fjelloppsyntet til Aurland fjellstyre, halde den 18.3.10
- 5) Campus Aurland – Grønt kompetansenettverk. Harald orienterte om siste møtet i nettverket, der det m.a. var semje om ny avtaletekst. Merknad: Fjellstyret ynskjer å ta avtalen opp til godkjenning/underskriving i møte den 18. mai.
- 6) Referat frå styremøte i Aurland hjorteutval den 15.2.-10.3.10
- 7) Brev frå Aurland kommune v/utmarkskonsulenten om at dokumentasjon for inngått avtale med ettersøksekvipasje skal innsendast før 1. mai. Merknad: Fjellstyret vil senda eit svar der me peikar på at det på det tidspunktet ikkje er kjent kven som skal disponera hjortejakta i Nordheimsdalen til hausten, og at ein difor heller ikkje kan dokumentera nokon inngått avtale om ettersøkshund før nærmare jakta.
- 8) Tilbod frå iNatur om løysing for kjøp av fiskekort med bruk av mobiltelefon.
- 9) Uttale frå fjellstyret (administrativ) til søknad om transport med snøskuter til heller ved Vargene - Bjørn Ebne

Aurland, den 19.4.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene
og –varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 14.4.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/10. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2011-2014, plan for revisjon
Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret sin forvaltingsplan for statsallmenningane i Aurland vert teken opp til revisjon for perioden 2011-14. Revisjonen vert lagd opp slik:

- mai 2010: Del 1-3 vert gjennomgådd
- oktober 2010: Del 4 vert gjennomgådd, og planen lagd ut til høyring
- november/desember 2010: Planen vert handsama etter høyring, og vedteken under eitt.

Sak 17/10. Logo og profilering av fjellstyret
Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret ynskjer å kombinera dagens fjellstyrelogo med felleslogoen for fjellstyra som Norges Fjellstyresamband har fått utarbeidd. Utkast til ny logo skal framleggjast til godkjenning.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret tek i bruk Norges fjellstyresamband sin logo, i kombinasjon med den logoen som fjellstyret nyttar i dag, som utgangspunkt for eigen logo på brevark, konvoluttar og og anna materiell. Ny logo skal og takast i bruk på fjellstyret si heimeside. Den nye logoen skal avløysa den gamle.

Sak 18/10. Samjaktavtalen for Aurland – underskriving
Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret godkjenner samjaktavtalen mellom statsallmenning og private villreinjaktfelt i Aurland for perioden 2010-2014, slik han no ligg føre. Fristen for innmelding i avtalen vert sett til 1. juni.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 14.4.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 19/10. Søknad om opplag av båt ved "Namnlausvatnet"

Saksutgreiing vedlagt søknad frå Bjørn Ebne låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret godtek at Bjørn Ebne får ha ein båt liggjande permanent ved "Namnlausvatnet," vatnet mellom store Vargevatnet og Skomabreen, i Aurland søndre statsallmenning. Vilkåret er at det ikkje vert montert faste installasjonar (overbygg, murar, boltar e.a.) i samband med båtlagringa. Fjellstyret vil og oppmoda eigaren om å stilla båten til rådvelde for andre brukarar i området.

Aurland, den 19.4.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene
og –varamedlemene,
Aurland folkebibliotek, Bjørn Ebne,
Statskog SF.